

Vedtekter

Norsk bibliotekforening Møre og Romsdal

Vedtatt av årsmøtet 16. mars 2022, Molde

§ 1 Formål

Norsk bibliotekforening Møre og Romsdal skal verke i samsvar med Norsk bibliotekforenings vedtekter, prinsippprogram og handlingsplan.

§ 2 Medlemskap og stemmerett

Alle medlemmar er av Norsk bibliotekforening automatisk medlem i sitt regionlag. Alle medlemmar som har betalt kontingent for inneverande år har stemmerett. Kvar medlem har éi stemme, og kan ikkje stemme ved forfall. Institusjonar avgir stemme ved fullmakt.

§ 3 Årsmøte

Årsmøte blir kvart år halde på tid og stad som styret fastsett. Årsmøtet skal bli kunngjort med minst fire – 4 – vekers varsel. Saker som skal bli behandla må bli sendt til styreleiar innan tre – 3 – veker før årsmøtet. Innkalling og saksliste blir sendt alle medlemmar seinast éi veke før møtet.

Årsmøtet behandlar årsmelding, revidert rekneskap, handlingsplan for komande periode, budsjettforslag og innkomne forslag.

Årsmøtet veljer leiar, styremedlemmar og revisor. Avgjersler blir treft med alminneleg fleirtal.

§ 4 Ekstraordinært årsmøte

Ekstraordinært årsmøte kan bli innkalla av styret med minst to – 2 – vekers varsel. Det skal bli innkalla til ekstraordinært årsmøte viss minst $\frac{1}{3}$ av medlemmane krev det.

§ 5 Styret

Regionslaget blir leia av eit styre med minst fire – 4 – medlemmar. Styret bør ha representantar frå ulike bibliotektypar. Styret konstituerer seg sjølve.

§ 6 Rekneskap

Rekneskapen følger kalenderåret. Rekneskapen blir revidert av éin – 1 – revisor vald av årsmøtet.

§ 7 Vedtektsendringar

Mønstervedtektene gjeld for regionslaga til Norsk bibliotekforening med mindre andre vedtekter er godkjent av årsmøtet. Årsmøtet kan stemme over endringar i desse vedtektene. Vedtektsendringar blir vedtatt med $\frac{2}{3}$ av dei avgivne stemmene.

§ 8 Opphør

Regionslaget kan slå seg saman med ei anna av dei regionale avdelingane til Norsk bibliotekforening, eller dele seg opp i fleire avdelingar. Eit opphør blir avgjort på ordinært årsmøte og må bli vedtatt med minst $\frac{2}{3}$ fleirtal.

Hovudstyret i Norsk bibliotekforening må godkjenne avgjersla. Det kan bli vald eit avviklingsstyre som skal forestå avviklinga. Det ordinære styret blir vald til avviklingsstyre om inkje val blir foretatt.

Desse vedtektene bygger på *Mønstervedtekter for Norsk bibliotekforenings regionlag* utarbeidd i samsvar med Norsk bibliotekforenings vedtekter. Mønstervedtektene er vedtatt av hovudstyret 11. september 2017.